



Voss herad

Kommuneplanen sin samfunnsdel

2026 - 2038



BARNEHAGE OG SKULE
- FOR FRAMTIDA

Kommuneplanen sin samfunnsdel Ny barnehage - og skulestruktur

Folkemøte Voss sentrum, 12. november

*Tonje Såkvitne, Martin Kulild, Gunnhild Utkvitne, Kjersti Næss Finne, Ingeborg Hellesnes Uppheim,
Magnar Helland, Frøydis Solbakk og Elisabeth Lillegraven*

Dagen i dag

18.00 - 18.05: Velkommen ved ordfører

18:05 - 18:10: Innleiing ved rådmann

18:10 – 18:30: Presentasjon av ny samfunnsdel og ny senterstruktur
Gunnhild Utkvitne og Kjersti Næss Finne

18:30 – 18:55: Presentasjon av ny barnehage – og skulestruktur
Ingeborg Hellesnes Uppheim, Magnar Helland, Frøydis Solbakk og Elisabeth Lillegraven

18:55 – 19:10: Praktisk info og beinstrekk

19:10 – 19: 45: Spørsmål og svar

19:45 – 19:50: Oppsummering og vegen vidare ved ordfører


Tre parallelle prosessar

- Revisjon av kommuneplanen (KPS og KPA)
- Ny barnehage- og skulestruktur
- Voss iPluss 2027

Revisjon av kommuneplanen (KPS og KPA)



Ny barnehage – og skulestruktur






Voss herad


Kommuneplanen sin samfunnsdel

Gunnhild Utkvitne

Samfunnsdel (KPS) – arealstrategi – arealdel (KPA)

- **Samfunnsdelen (KPS)** skildrar kva langsiktige mål kommunen har for samfunnsutviklinga. Samfunnsdelen skal kunna fungera som eit politisk styringsverktøy og ha tydelege satsingsområde og mål. Måla i samfunnsdelen skal vera styrande for kva andre planar kommunen vel å utarbeida, og skal også vera grunnlag for prioriteringar i årleg rullering av økonomiplanen.
- Samfunnsdelen skal også innehalda ein **arealstrategi**. Føremålet med arealstrategien er å syna samanhengen mellom framtidig arealbruk og samfunnsutvikling. Arealstrategien skal syna koplingane mellom ynska samfunnsutvikling og arealbruk, og bidra til å «omsetja» mål og satsingsområde i samfunnsdelen til arealpolitiske grep i arealdelen.
- **Arealdelen (KPA)** skal omsetta måla i samfunnsdelen til arealpolitiske verkemiddel og fastsetja rammer for langsiktig arealutvikling i kommunen.





Revisjon av samfunnsdelen

- Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er å gjera denne til eit **tydelegare styringsdokument**.
- I arbeidet med KPS vil me prioritera å **vidareutvikla arealstrategien**, og **justera mål og strategiar** i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringar og lovkrav.
- I tillegg skal me arbeida med målstrukturen slik at denne vert lettare å bruka, og **sikra ein «raud tråd»** frå overordna planar, temaplanar til økonomiplan og rapportering.

Føringar og forventningar



Kommunal- og distriktsdepartementet





Mental helse

Økonomisk kriminalitet

Demografi

Sosial ulikskap
Flaum

Ekstremvær

Kommunale bygg

Samarbeid for å nå måla

Folkehelse

Grøn omstilling

Knappe ressursar

Utanforskap

Kommune 3.0

Digitalisering

Rekruttera og behalda

Klimatilpassing

Interkommunale samarbeid

Naturkrise

Økonomisk handlingsrom

Integrering

Naturmangfald

Nedbygging av areal

Klima

Bustader

Flyktningekrise

Miljøvenleg transport

Vassaskulen

Kompetanse

Cyberkriminalitet

Viktige grep i ny samfunnsdel

1. Me definerer kva me meiner med «sterkt regionsenter og levande grender»



Ny senterstruktur *(ligg også som grunnlag i sak om ny barnehage- og skulestruktur)*

2. Forenkling – tydelegare styringsdokument
3. Me set nye overordna mål som svarar på utfordringane våre for åra som kjem – og set eige overordna mål for kommuneorganisasjonen

5 overordna mål (og 51 strategiar)



1. Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern (9 strategiar)
2. Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap (16 strategiar)
3. I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar (9 strategiar)
4. I Voss er me budd på å handtera større uynskte hendingar (11 strategiar)
5. Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå (6 strategiar)




Voss herad

Arealstrategi og ny senterstruktur

Kjersti Næss Finne

Utviklingsstrategi – sterkt regionsenter og levande grender - ny senterstruktur


- Bustadbygging
- Offentlege tenestetilbod
- Handel og service
- Energi, næring og industri
- Reiseliv
- Fritidsbustader
- Kyst- og strandsone
- Jordvern
- Natur




Senterstruktur

**viktig for langsiktig
samfunnsutvikling**


Noverande senterstruktur



Levande grender



Sterkt regionsenter



Kjelde basert på data fra: <https://kart.ssb.no/>


Ny senterstruktur

➤ Regionsenter

➤ Grendasenter

i form av knutepunkt langs tre aksar

- tilretteleggja for langsiktig utvikling
- samla tenestetilbod og kanalisera framtidige kommunale investeringar
- skapa føreseielegheit
- samla funksjonar, både offentlege og private, og utvikla og attraktive stader
- byggja sterke grendasenter som ivaretek ønske om levande grender i heile Voss herad




Leva Urban Design:

[kunnskapsgrunnlag-senterstruktur-061025.pdf](#)


Grendasenter - kva er vurdert

- «Befolkningskart» - kor folk bur
- Historiske og stadlege kvalitetar
- Offentlege og private tilbod
- Avstandar - sentralitet
- Flaum- og skredfare
- Dyrka mark
- Infrastruktur som veg, bane og VA
- Utviklingspotensiale, bumiljø , arealreserve
- Kommunal eigedom



Regionsenter med omland

Vossevangen - Skulestadmoen - Palmafossen




Vossevangen

- regionsenter som før
- utvikling i samsvar med sentrumsplanen

Palmafossen og Skulestadmoen

- bilbasert med mykje parkeringsflatar
- fokus på nabolagskvalitetar og møteplassar
- bustader, tenestetilbod, daglegvare – funksjonar som ivaretek daglege gjeremål
- handelstilbod og særskild detaljhandel skal i størst mogleg grad utviklast på Vossevangen i samsvar med sentrumsplanen



Grender utanfor aksane

- Bordalen, Kyte, Raundalen

Grender i mellomsona langs aksane

- Bulken, Bjørgum



Byggja vidare på stadeigne kvalitetar

- grendalag, idrettslag m.m.

Styrke koplingar mot sentra

Kva seier arealstrategien om ny utvikling?

➤ Bustadbygging


- I tilknytning til eksisterande sosial og teknisk infrastruktur
- I hovudsak knytt til regionsenteret
- Noko knytt til dei tre grendasentera
- I tillegg - mogleg å søkja om einskildtomter

➤ Offentlege tenestetilbod



- I hovudsak Vossevangen
- Tettast mogleg på dei tre grendasentera

• Handel og service

- På Vossevangen i tråd med sentrumsplanen
- Grendasentera og etablerte bumiljø - daglegvarehandel og servicetilbod som stør opp om nærmiljøet og reduserer transportbehovet til innbyggjarane



Senterstruktur i dag



Regionsenter





Lokalsenter



Nærsenter

Forslag til ny senterstruktur



Regionsenter



Grendasenter



Voss herad

Ny barnehage – og skulestruktur

Ingeborg H. Uppheim, Magnar Helland og Frøydis Solbakk

PROSJEKTUTVIKLING NY SENTRUMSSKULE

Elisabeth Lillegraven



FOLK

Me treng tilstrekkeleg bemanning
som oppfyller kompetansekrava



FAG

Me vil ha barnehagar og skular
som opprettheld god kvalitet



PENGAR



Me må ha ei effektiv
ressursforvaltning

Me treng barnehagar og skular
som er rusta for økonomiske
endringar


BEREKRAFTIGE EININGAR

**RAUD =
NEDGANG**

Funn: Aldersfordelinga i krinsane er viktig informasjon for Voss herad når dei skal planleggja framtidige tenester og utvikling. Ved å tilpasse tilbod etter kvar folk i ulike livsfasar bur, samstundes som ein bør planleggja for å auka attraktiviteten blant fleire aldersgrupper på same stad.





Langsiktig planlegging



Tilgjengeleg kompetanse framover GRUNNSKULE

26



- Stagnasjon i nedgang, truleg på bakgrunn av endringar i karakterkrav, i inntakskrava.

Kjelde: Samordna opptak (2025) [Søking på utdanningsområde](#)

41 tilsette vil
gå av med
pensjon dei
neste 5 åra

Tilgjengeleg kompetanse framover BARNEHAGE


Lærerutdanninger

Grunnskolelærer 1-7

Grunnskolelærer 5-10

Lektor

Barnehagelærer



- Tabellane viser nøkkeltal frå hovudopptaket til barnehagelærerutdanninga dei siste 10 åra.
- Den blå linja viser tal søkarar, fyrsteval.
- Dei siste tre åra har det vore færre søkjarar enn studieplassar

Dette er me uroa for

- Ytterlegare auka arbeidspress på tilsette
- Auka sjukefråvær og turnover
- Ytterlegare vanskar med rekruttering, særleg i grendene
- Eit dårlegare barnehage- og skuletilbod
- Vedvarande skilnadar innad i heradet
- Brot på lovverk, pedagog og bemanningsnorm lærarnorm



Vekting av vurderingar

Vekt*	Tema	Merknad
1	Tilgang på kompetanse	Skapa barnehagar og skular der tilsette ynskjer å jobba, og der rekruttering vert enklare. Me oppfyller normer for bemanning, både i barnehage og skule.
2	Fagleg kvalitet	Barna skal ha eit godt og trygt barnehage- og skuletilbod og foreldre skal oppleve einingane som trygge og føreseielege.
3	Berekraft og fleksibilitet	Me skal ha råd til å drifta einingane over tid. Einingane skal vera robuste nok til å kunna handtera svingingar i barne- og elevtal, samt kunna nytta dei tilsette fleksibelt.
4	Byggteknisk standard	Bygga si evne til å leggja til rette for, eller avgrensa kvaliteten på barnehage- og skuletilbodet.

Kva vurderingar har me gjort



Behovet på kort sikt



Behovet på lenger sikt



Behovet på lang sikt: Samsfunnsplanleggjaren - nye grendasenter



Kort sikt 2026-2027

1. **Flytta Gjernes barnehage til Hagahaugen, frå haust 2026**
2. Flytte Hauge barnehage til Sundve FUS, i vidare dialog med FUS-kjeda, frå haust 2026
3. Laga oppveksttun på Evanger skule, der Bolstad og Evanger barnehage vert flytta til skulen, frå haust 2026
4. Endra krinsgrense på Bjørgum skulekrins – Ungdomskuleelevar i krinsen byrjar på Granvin skule, første kull frå hausten 2027
5. **Endra krinsgrense i Haugamoen slik at elevane byrjar på Gjernes skule, frå haust 2027**

Venta årleg innsparing på drift er 5 700 000 kr



Lenger sikt 2026 - 2032

1. Byggja ny barneskule i sentrum (for elevar frå Vangen-, Bulken- og Gullfjordungen skule), oppstart utgreiing og prosjektering i 2026
2. Ny sentrumsbarnehage i noverande Vangen skule (Hagahaugen-, Gjernes- og Bulken barnehage), 1 år etter at ny skule er teke i bruk

Venta årleg innsparing på drift er omlag 5 200 000 kr



Behov for vidare utgreiingar i samanheng med ny senterstruktur fram mot 2045

1. Grendasenter vest – Oppveksttun på Bolstad (flytta frå Evanger)
2. Grendasenter nord - Oppveksttun på Oppheim (flytta frå Sundve)
3. **Ytre sentrum - Samanslåing Bjørgum- og Palmafossen skule, plassering Palmafossen**
4. **Ytre sentrum – Vurdera å flytta Kløve barnehage inn i ny sentrumsbarnehage på dagens Vangen skule**

20 år

Tiltak me har vurdert i sentrum - 2026

Samanslåing av Bulken- og Hagahaugen barnehage

Plassering: Hagahaugen

Samanslåing av Gjernes- og Kløve barnehage

Plassering: Kløve

Dette vart tilrådd i den framskunda saka om barnehagestruktur - våren 2025.

Dette hadde gjeve noko auka innsparingar på kort sikt.

Me opplevde at det ikkje var politisk vilje til å gjera eit slikt grep, på kort sikt.

Tilrådde tiltak – Sentrum 2026

Barnehage

Samanslåing av Gjernes- og Hagahaugen barnehage

Plassering: Hagahaugen

Tiltaket heng saman med utviding av Gjernes skule. Slik at dei kan ta i bruk bygget til 1. klasse

Dersom me ikkje kan redusere utgifter knytt til struktur, må me gjere det på bemanning.

Meir robust eining med fleire barn og vaksne.

Kortare avstand mellom Gjernes og Hagahaugen, enn det er mellom Gjernes og Kløve.

Samla fagkompetanse under eitt tak.

Tiltak me har vurdert i sentrum – lang sikt

Barnehage

- Tomt i Nyresfeltet og bak tinghuset – For små
- Utvida Gjernes- og Voss barnehage
 - Hadde gjeve for få barnehageplassar
 - Ikkje mogleg for Gjernes skule å nytta barnehagebygget på Gjernes

Tilrådde tiltak i sentrum - lang sikt

Barnehage

Aktivitetshus med prioritert plass til barnehage

Barnehagar: Bulken, Hagahaugen og Gjernes (Kløve)

Plassering: Noverande Vangen skule

Dersom me ikkje kan redusere utgifter knytt til struktur, må me gjere det på bemanning.

Meir robust eining med fleire barn og vaksne.

Aukar tal barnehageplassar i sentrum, der det er forventa vekst.

Effektiv nytting av støttetjenestene

Samla fagkompetanse under eitt tak.

Ynskjer å oppnå positive synergieffektar av å samla fleire tenester i same bygg.

Dette medfører også nokre ulemper

- Gjernes, Hagahaugen og Bulken mistar nærbarnehagen sin
- Ein del barn og foreldre vil få lenger reiseveg
- Me må løysa trafikale utfordringar rundt Hestavangen
- Kan opplevast utrygt for nokre barn og foreldre i ein overgangsperiode

Sjå meir utfyllande informasjon i saka sitt hovuddokument

Tiltak me har vurdert i sentrum – lenger sikt - skule

- Splitta elevane på Bulken mellom Evanger, Gullfjordungen og Gjernes
- Legge ned Vangen og Bulken, utvida Gjernes og Gullfjordungen
- Gjernes skule vert og ein del av ny sentrumskule
- Bygga ny ungdomsskule på Tvildemoen

Tilrådde tiltak – Sentrum 2027

Skule

Endra kringsgrense mellom Vangen- og Gjernes skule

Elevane frå Haugamoen byrjar på Gjernes skule

Hindrar at ny
sentrumsskule vert
enno større.

Styrka
Gjernes, med
auka tal barn
og vaksne

Meir robust
eining med fleire
barn og vaksne.

Dersom me ikkje kan
redusere utgifter knytt til
struktur, må me gjere
det på bemanning.

Tilrådde tiltak i sentrum - lang sikt

Skule

Ny barneskule i sentrum

Skular: Bulken, Gullfjordungen og Vangen

Plassering: Ved idrettshallen

Robust skule i
høve tal elevar
og tilsette.

Gjev oss moglegheit
til å oppretta ei
styrka avdeling for
barn med store og
livslange
hjelpebehov.

Større sosialt
miljø for elevane
å ta del i.

Samla
fagkompetanse
under eitt tak.

Effektiv nytting
av
støttetenestene

Dei gamle skulebygga
våre er ikkje laga for
noverande læreplan.

Dette medfører også nokre ulemper


- Bulken, Vangen og Gullfjordungen mistar nærskulen sin
- Ein del elevar får lenger reiseveg
- Me må løysa trafikale utfordringar rundt Hestavangen
- Ein større skule stiller høgare krav til organisering og struktur i skulekvardagen
- Utgifter til renter og avdrag
- I ein overgangsperiode kan det opplevast utrygt for enkelte elevar og foreldre

Sjå meir utfyllande informasjon i saka sitt hovuddokument

Sentrumsplanen






Planen skal legge til rette for overordna og tydelege rammer for trafikantar for å ivareta tryggleiken, særskilt for barn og unge på skuleveg. Sentrum har i dag områder som er uoversiktlege og tek ikkje godt nok i vare trafikktryggleiken til mjuke trafikantar. Dette gjeld særleg områda tett på skulane, der skuleborn og bilar samlast. Dette gjeld spesielt Lekkvermoen og Hestavangen sør.



Trafikkbilete



Ny barneskule med mogleg tilkomst for gåande og syklane (raud) og køyrande (blå).



Helen & Hard



Voss herad

Praktisk info



Voss herad

Spørsmål og svar



Voss herad


Gå til: **menti.com**

Bruk koden: **4403 6296**

Kva skjer vidare?


- Samfunnsdel og skule- og barnehagestruktur vart lagt ut på høyring i FPL 16. oktober
- Høyring og offentleg ettersyn 16. oktober – 27. november
- Endeleg politisk handsaming fyrste møtebolk 2026 (kommunale råd, FPL, HST)

Kommuneplanen sin samfunnsdel



[Revisjon av kommuneplanen - Voss herad](#)

Barnehage og skule for framtida



[Barnehage og skule for framtida - Voss herad](#) 